



Lærdal kommune

Rådmannskontoret

Det Kongelige Kultur- og Kirkedepartement
Postboks 8030 Dep.

0030 OSLO

dok 101

Saksnummer	200605491	Dato	28.11.06
Kode	Ki-501	Beh.	

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Arkiv	Dato:
06/447-9		Laila Kvigne	57 64 12 05	K1-034, K2-C84	14.11.2006

UTTALE FRÅ LÆRDAL KOMMUNE TIL: NOU 2006:2. FORHOLDET MELLOM STATEN OG DEN NORSKE KIRKE

Viser til møte i kommunestyret 09.10.06, sak 056/06.

Utskrift av møtebok ligg vedlagt.

Med helsing

Laila Kvigne
Laila Kvigne
kontor- og arkivleiar



Saksnr	Utval	Møtedato
154/06	Formannskapet	31.10.2006
056/06	Kommunestyret	09.11.2006

Sakshandsamar: Astrid Myran Aarvik Arkiv: K1-034, Arkivsaksnr. 06/447 - 8
K2-C84

UTTALE FRÅ LÆRDAL KOMMUNE TIL: NOU 2006:2. FORHOLDET MELLOM STATEN OG DEN NORSKE KIRKE

Kort samandrag

Formannskapet sette i sak FS-149/06 ned ein ad.hoc.komitè som fekk i oppdrag å utarbeide framlegg til uttale frå Lærdal kommune til NOU 2006:2.

Marit Eri
Inger Bakken
Ivar Otto Rikheim

Marit Eri vart valt til leiar.
Rådmannen peika ut tenesteleiar Astrid Myran Aarvik som sekretær for komitéen.

AD.HOC.KOMITEEN SI TILRÅDING

Likeverd og likebehandling bør liggje til grunn for trus- og livssynspolitikken i Noreg

FRAMTIDIG KYRKJEORDNING

Lærdal kommune er samde med mindretalet i utvalet og meiner ordninga med statskyrkje bør halde fram som i dag. Ein bør framleis ha ei folkekyrkje som er forankra i grunnlova. Statskyrkjeordninga sikrar best ein låg terskel der alle kan føle seg heime uansett trusengasjement. Kommunen meiner at regjering og Storting er det mest representative kyrkjestyret.

FINANSIERING

Lærdal kommune er samde med mindretalet i utvalet som meiner at alle offentlege løyvingar skal koma frå staten. Det bør ikkje vera medlemsavgift i kyrkja. Privat økonomi skal ikkje styre engasjement og deltaking i kyrkjelyden.

GRAVFERDSFORVALTNINGA

Lærdal kommune meiner at den lokale kyrkja og kyrkjeleg fellestråd framleis bør ha hovudansvaret for gravferdsforvaltninga, slik som i dag. Ein meiner likevel at kommunen har eit særskilt ansvar for å tilby alternative lokale til andre gravskikkar, for å ivareta ulike trus- og livssynsmessige behov på ein tilfredstillande måte.

FREDA OG VERNEVERDIGE KYRKJER

I tillegg til kunnskap om den kristne kulturarven, trusliv og trusuttrykk gjennom fleire hundre år er kyrkjebygg og kyrkjekunst eit uttrykk for byggeskikk, handverkstradisjonar, materialbruk og stilartar. Utsmykkingane i kyrkjene er mellom dei viktigaste kunsts-kattane i landet. Utifrå kulturpolitiske omsyn bør ein etablere særskilte finansieringsordningar for freda og verna kyrkjer, uavhengig av den framtidige relasjonen mellom kyrkje og stat.

Lærdal kommune er difor samde med det statlege utvalet i at støtteordningane til freda og verna kyrkjer må halde fram, men at det i tillegg vert oppretta særskilte statlege tilskotsordningar, slik dei har i Sverige. Mellom anna er det trong for ekstra økonomiske straktiltak for å hindre enno meir forfall og øydelagde kyrkjebygg. Staten bør ta over eigarskapet til freda og verneverdige kyrkjer som vert tekne ut av kyrkjeleg bruk.

EIGEDOMSRETT

Lærdal kommune er samde i at eigarforholdet mellom Den norske kyrkja, sentralt og lokalt framleis bør byggje på ei vidareføring av grunnprinsippet om at sokna har eigedomsretten til soknekyrkjene og dei lokale kyrkjefond. Kommunen bør ha det økonomiske ansvaret.

31.10.2006 FORMANNSKAPET

FS-154/06 TILRÅDING:

Likeverd og likebehandling bør liggje til grunn for trus- og livssynspolitikken i Noreg

FRAMTIDIG KYRKJEORDNING

Lærdal kommune er samde med mindretalet i utvalet og meiner ordninga med statskyrkje bør halde fram som i dag. Ein bør framleis ha ei folkekyrkje som er forankra i grunnlova. Statskyrkjeordninga sikrar best ein låg terskel der alle kan føle seg heime uansett trusengasjement. Kommunen meiner at regjering og Storting er det mest representative kyrkjestyret.

FINANSIERING

Lærdal kommune er samde med mindretalet i utvalet som meiner at alle offentlege løyvingar skal koma frå staten. Det bør ikkje vera medlemsavgift i kyrkja. Privat økonomi skal ikkje styre engasjement og deltaking i kyrkjelyden.

GRAVFERDSFORVALTNINGA

Lærdal kommune meiner at den lokale kyrkja og kyrkjeleg fellestråd framleis bør ha hovudansvaret for gravferdsforvaltninga, slik som i dag. Ein meiner likevel at kommunen har eit særskilt ansvar for å tilby alternative lokale til andre gravskikkar, for å ivareta ulike trus- og livssynsmessige behov på ein tilfredstillande måte.

FREDA OG VERNEVERDIGE KYRKJER

I tillegg til kunnskap om den kristne kulturarven, trusliv og trusuttrykk gjennom fleire hundre år er kyrkjebygg og kyrkjekunst eit uttrykk for byggeskikk, handverkstradisjonar, materialbruk og stilartar. Utsmykkingane i kyrkjene er mellom dei viktigaste kunsts-kattane i landet. Utifrå kulturpolitiske omsyn bør ein etablere særskilte finansieringsordningar for freda og verna kyrkjer, uavhengig av den framtidige relasjonen mellom kyrkje og stat. Lærdal kommune er difor samde med det statlege utvalet i at støtteordningane til freda og verna kyrkjer må halde fram, men at det i tillegg vert oppretta særskilte statlege tilskotsordningar, slik dei har i Sverige. Mellom anna er det trong for ekstra økonomiske strakstiltak for å hindre enno meir forfall og øydelagde kyrkjebygg. Staten bør ta over eigarskapet til freda og verneverdige kyrkjer som vert tekne ut av kyrkjeleg bruk.

EIGEDOMSRETT

Lærdal kommune er samde i at eigarforholdet mellom Den norske kyrkja, sentralt og lokalt framleis bør byggje på ei vidareføring av grunnprinsippet om at sokna har eigedomsretten til soknekyrkjene og dei lokale kyrkjefond. Kommunen bør ha det økonomiske ansvaret.

09.11.2006 KOMMUNESTYRET

FRAMLEGG FRÅ LEIF AASEN:

Kommunestyret vel følgjande svaralternativ på spørjeskjemaet som ligg brev frå Det Kongelige Kultur og Kirke-departmentet:

Spørsmål pkt. 5: Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

Svar: Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer

Spørsmål pkt. 6: Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om regionsfrihet?

Svar: Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget

FRAMLEGG FRÅ FELLESLISTA/SV:

Spørsmål pkt. 5: Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

Svar: Valgordningene bør være som i dag

Spørsmål pkt. 6: Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om regionsfrihet?

Svar: De politiske prinsipper som statsforvaltningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene

Det vart fyrst røysta over svaralternativa.

Framlegget frå Leif Aasen vart vedteke med 9 mot 8 røyster.

KS-056/06 VEDTAK:

Tilrådinga frå formannskapet vart deretter vedteken med 16 mot 1 røyst.

Vedlegg:

NOU 2006:2 Staten og Den Norske Kirke (Uprenta vedlegg)
Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene
Brev frå Kultur- og kyrkjedepartementet dagsett 24.04.2006

Saksutgreiing

Kultur og kyrkjedepartementet sette ned eit offentleg utval for å utgreia tilhøvet mellom stat og kyrkje, og å skaffe grunnlag for ei avgjerd om å føre statskyrkjeordninga vidare, reformere eller avvikle ordninga.

Utvalet vart difor bedne om å vurdere statskyrkjeordninga som heilskap, mogelege eller ønskjelege reformer innanfor ordninga og alternativ til statskyrkjeordninga. Utvalet skulle også vurdere ulike finansieringsordningar, gravferdsforvaltninga og ordningar for å ta vare på freda og verneverdige kyrkjer og ulike eigedomsrettslege spørsmål.

Det offentlege utvalet leverte si utredning 31. januar 2006

Kulturministaren har sendt NOU 2006:2 på høyring og ønskjer å få instansane sitt syn på dei overordna spørsmåla som gjeld statskyrkjeordninga og den framtidige organiseringa og finansieringa av den Den norske kyrkja.

For å lette departementet sitt arbeid med å oppsummere høyringa legg dei ved eit skjema som skal fyllast ut og returnerast saman med uttalen.

Ad.hoc.komiteen drøfta ulike synspunkt og kom fram til samrøystes framlegg til uttale

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans:

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellestråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

likeverd og likebehandling

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
 Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttsende organer
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
 De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
 Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
 Det humanistiske verdigrunnlaget
 At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)
 Kommunen
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
 Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
 Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
 Vet ikke / ønsker ikke å svare